

SAK 21/11 SØKNAD OM STØTTE TIL INNSAMLINGS- OG BOKPROSJEKT OM ANLEGGSTIDA I HALLINGDAL

Saksopplysning

Thor Warberg og Olav Randen søker i brev dat. 15.1.2011 om kr 80.000 i støtte til innsamlings- og bokprosjekt om anleggstida i Hallingdal.

Utgangspunktet er ein dokumentasjon i form av ei bok, om kraftutbygginga i Hallingdal etter andre verdskrig. Det blir i søknaden synt til at det er fleire bøkar som skildrar ein del om anleggsutbygginga, men at det er mindre stoff om arbeidslivet og dagleglivet. Anlegga og anleggsarbeidet var ein viktig del av bygdelivet, som det blir peikt på at er i ferd med å forsvinne frå historia, med at stoff i liten grad er samla inn. "Viss ikkje tiltak blir gjorde for å redde det som er att, vil anleggstida og anleggsarbeidet langt på veg bli eit tomrom når historikarar i framtida skal skrive om Hallingdal i tiåra etter krigen."

I tillegg til innsamling av munnleg informasjon vil arbeidet omfatte innsamling av stoff frå viser, tidsskrifter og bedriftsarkiv. Det blir peika på at det innsamla stoffet må leggest til rette og lagrast til dømes i bygdearkiv.

Boka vil ta utgangspunkt i samspelet mellom forbruk og tilbod, ny teknologi og vernetankar, Hallingdal kontra Nore og Tyin. Hovudvinklinga på boka er anleggstida sett frå stoffen, dammen og brakka.

Thor Warberg skal stå for innsamling av stoff og skriving. Boksmia forlag ved Olav Randen er interessert i å gje ut boka. Planen erat arbeidet skal gjerast i 2011/2012 og at boka blir ferdig på haustparten 2012.

Totale kostnader er rekna til kr. 520.000. Inntekter på boksal er stipulert til kr. 120.000 og det er søkt om tilskot frå E-CO Vannkraft på kr. 320.000 i tillegg til kr. 80.000 frå Regionrådet.

Vurdering:

Perioden med den store kraftutbygginga i Hallingdal var utan tvil med på å setja eit sterkt preg på Hallingdal, både i sjølve anleggstida, men også i etterkant og fram til vår tid.

Dette er ein viktig del av vår nære historie, som det er viktig å sikre og dokumentere på ein god måte. Dagleg leiar synest innsamlings- og bokprosjekt om anleggstida er ein god ide som bør støttast. Når det gjeld vinklinga på boka har ikkje dagleg leiar spesielle synspunkt, men ser poenget i å ha ei stram framdrift på prosjektet med ferdigstilling hausten 2012. Det bør og gjerast tydelege avklaringar slik at det innsamla stoffet kan nyttast og lagrast til dømes i bygdearkiv.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 80.000 til innsamlings- og bokprosjekt om anleggstida i Hallingdal.

Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.

Ål 21.3.2011

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad, dat. 15.1.2011, om støtte innsamlings- og bokprosjekt om anleggstida i Hallingdal

Søknad om støtte til innsamlings- og bokprosjekt om anleggstida i Hallingdal**Bakgrunn**

I tida frå andre verdskrig og fram til no har det gått føre seg svært omfattande kraftutbyggingar i Hallingdal. Frå arbeidet med Holsanlegga starta på Varaldset i 1940, har truleg 4-5000 personar vore anleggsarbeidarar av ulike slag. Skissa som følgjer, sett opp ut frå svært ufullstendig materiale (hovudkjelde Aftenposten), gir eit visst innblikk i omfanget:

Hol I og II

1940 Varaldset brakker til 60 mann

Hausten 1948 var det 1450 mann i arbeid ved Holsanlegget.

1953-11-25 250 mann med stor maskinpark

1954-02-25 Forberedende arbeid ved Kleivi: 2 brakker til 100 mann totalt.

Heimsil I

1957-01-09 Snart er over 800 mann i arbeid på Hemsil

1957-07-09 500 mann hjå Selmer.

1958-07-12 700 mann i arbeid i sumar. Flævatn ++

Heimsil II

1958-01-21 Furuholmen 200 mann

Uste-Nes

1964-08-07 1100 mann bygger Uste-Nes.

Det er skrivne ein del om anlegga og anleggstida, det gjeld såleis Kåre Olav Solhjells bygdebøker "Hol i hundre" og "Lys og kraft i 100 år" og Osvald Medhus bok "Då fossen stilna". Dette er solide arbeid, men dei er kjenneteikna av at dei skildrar anleggstida som administrasjon og politikk og har lite stoff om arbeidslivet.

Anlegga og anleggsarbeid var ein viktig del av bygdelivet og har sett merke på Hallingdal denne tida. Slik me ser det, er anleggstida likevel i ferd med å forsvinne frå historia, med at stoff i så liten grad er samla inn, og at dei som var med, snart går ut av tida eller alt har gjort det. Viss ikkje tiltak blir gjorde for å redde det som er att, vil anleggstida og anleggsarbeidet langt på veg bli eit tomrom når historikarar i framtida skal skrive om Hallingdal i tiåra etter krigen.

Ønskemålet vårt er difor

- a) eit innsamlingsarbeid for å dokumentere og
- b) ei bok for å presentere det dokumenterte.

Thor Warberg har til no gjennomført 10-12 intervju med tidlegare anleggsarbeidarar, og opplever at informantane sender han til nye informantar, men også at ein heile tida kan kome for seint.

I tillegg til innsamling av munnleg informasjon vil arbeidet omfatte innsamling av stoff frå aviser, tidsskrift og bedriftsarkiv. I det høvet må også regulantane sine bedriftsarkiv gjennomgåast. Like eins må det samlast inn bilete både frå bedriftsarkiv og frå private fotoalbum. Det innsamla stoffet må tilretteleggjast og lagrast til dømes i bygdearkiv, slik at det blir tilgjengeleg for ettertida.

Skisse for boka:

BUS, BAS OG SYNING (arbeidstittel)

Dette er boka om dagleglivet på anlegga i Hallingdal frå 1940 og fram til 1967. Ei hektisk overgangstid med store omveltingar både i hovudstaden og fjellbygda. Straumen revolusjonerte samfunnslivet, nye bruksområde kravde meir kraft.

Boka tek utgangspunkt i samspelet mellom forbruk og tilbod, ny teknologi og vernetankar, Hallingdal kontra Nore og Tyin. Hovudvinklinga på boka er anleggstida sett frå stoffen, dammen og brakka, - dvs. frå grasrotnivå i anlegget.

Her møter me dei framsynte og dei som stritta mot, dei som tente pengar og dei som søla dei bort, dei som fann seg kone, dei som slost og dei som mana til fred, dei som ofra helsa og dei som vart styrkte.

Fram kjem kultursoga bak grasgrodde brakketomter, fareskilt og sperregjerde. Bak blinkande kontrolltavler og kommunebudsjett av fleire slag. Ei tid som vart borte, men som lever i mørket bak oss og dannar grunnlaget for ein kvardag og levestandard som dei fleste tek for gitt.

Om forfattar og forlag.

Thor Warberg står for innsamling av stoff og skrivning. Han har skrive Ål Bygdesoge (9 bind + register i 2008) og "Bergslimålarane" på Selja forlag i 2008.

Boksmia forlag ved Olav Randen i Vats er interessert i å gje ut boka. Forlaget har gjeve ut 23 titlar i tidsromet 1997 til 2010. Sjå nettsida <http://www.boksmia.no>

Tanken er at arbeidet skal gjerast i 2011/2012 og boka bli ferdig på haustparten 2012.

Budsjett for arbeidet:

Kostnader


12 månaders arbeid med innsamling av stoff og foto, bearbeiding av stoffet og skrivning av manus a kr. 25 000	
(Norsk faglitterær forfatterforenings månedssatsar, næringsinntekt)	kr. 300 000.-
Fotografering, køyring, arkivstudiar mm	kr. 50 000.-
Tilrettelegging for arkivering	kr. 20 000.-
Referansegruppe ¹	kr. 30 000.-
Boksmia forlag, Ål: Redaksjonelt arbeid/korrektur	kr. 40 000.-
Grafisk arbeid/trykking	kr. 80 000.-
Kostnader i alt	kr. 520 000.-

Det er i dette budsjettet ikkje sett opp kontorkostnader og liknande, men basert på at arbeidet blir gjort frå heimekontor.

Inntekter

Venta salsinntekter 600 stk x 200 kr ²	kr. 120 000
Underskot/støttebehov	kr. 400 000

Av dette tillet me oss å søkje E-CO Vannkraft om kr. 320 000 og Regionrådet for Hallingdal om kr. 80 000.


Thor Warberg

Ål, 15. januar 2011


Olav Randen

¹ Tanken er ei referansegruppe av folk med kunnskapar om lokalhistorie, men også gjerne med representant(ar) for støttespelarane.

² Me ser for oss ei bok på mellom 200 og 300 sider med materie i svartkvitt og med mykje biletstoff. Med ein utsalpris på ca. 360 kroner, ein bokhandlaravanse på 40 % og noko administrasjonskostnader vil inntekt per bok bli ca. 200 kroner.

(Mellombels disposisjon)
BUS, BAS OG SYNING
Glimt frå anleggstida i Hallingdal 1940-1967.

I) INNLEIING OG BAKGRUNN

- Ordliste
- Hovudstaden og den nye tid.
 - Rasjonering av koks
 - Gatelys og oppvarming
- Konesjon
- Aktørane
 - Oslo Lysverker (OL); Oslo Energi; E-CO vannkraft
 - Entreprenørane
 - Ingeniøren
 - Bus, bas og syning
- Fallrettar og stikking.
 - Fallrett og oppkjøp

II) ARBEIDET

- Vegbygging.
- Tunell-arbeid
 - Trykkluft
 - Driving - rigg og bor, kutt og sprenging
 - Ut med salva
 - Tunnellrens
- Dam-arbeid
 - Grunnarbeid
 - Støyp eller fylling
- Røyrgate/tunnel og kraftstasjon
- Line-arbeid
 - Fundament
 - Montering og klatring

III) TVERRSLAGET

- Transport og tipp

IV) ANLEGGET

- Kontoret
 - Avlønning timar/akkord
 - Brevhus og telegraf
- Ingeniørbrakkka
- Brakkene tyskerbrakkke/nybygg
- Verkstaden

V) INNKVARTERING OG FRITID

- Brakkelivet
 - Kokka
 - Brakkeguten
 - Matstellet
 - Klede
 - Skiftarbeid

- Helg på brakka
 - poker/bridge, trekkspel og festing
- Helg i bygda
 - Kraftkarar
 - Ølet og omdømet.

VI) Å HA LIVET KJÆRT

- Hjelm og sikkerheit og skader
- Helsekontroll og lungestøv
- Omkomne

VII) SKJØN OG ERSTATNING

- Konesjonsavgift
- Tiltaksvegar og bruer. Erstatning
- Grunneigar- og kommune-økonomi

VIII) ETTERPÅ

- Rydding - tilsåing, plastring av elvekantane, reise vidare
- Arbeid hjå OL
 - Damvakt
 - Lukereparasjon etc.
- Eksport av anleggs-erfaring: Til Hellas, Australia eller Brasil.

XI) OVERSYN

- Hol I , II og III
- Uste / Nes
- Heimsil I og II

X) Litteratur og kjelder